

## Reisebrev frå Trier i Tyskland

Den 15.oktober i år satte eg og Kåre Konradsen nasen mot Tyskland med Nilsemann, min Engelske Mastiff for den aller første parringsturen, etter å ha fått ein veldig spennande henvendelse på World Winner utstillinga i Amsterdam tidlegare i sommar. Reisa gjekk til Trier, nær grensa til Luxemburg, der me skulle bu ei veke av oppdrettar og tisperigar Sybilla Nordhues ved kennel Of The Celtic Mountain. Ettersom Kåre er både tidlegare mangeårig mastiffoppdrettar ved kennel Ol’Norse og no ein god venn, var det heilt naturleg å invitera han med på turen - men ekstra naturleg var det at valget som reisepartner fall på han ettersom han også var involvert i importen og valget av min eigen hannhund, og i tillegg er oppdrettar til den aktuelle tisa sin bestefar; nemleg Ol’Norse Bergtroll Breiskjegg.

Reisa starta seint ein mandagskveld frå innerst i Sognefjorden til Nesbyen, der Kåre ankom med tog midt på svarteste natta. Vidare gjekk ferden til Larvik, og Hirtshals i Danmark via Color Line sin SuperSpeed, der me endeleg skulle få 4 kjærkomne timar med søvn.

*Sjåfør og 2.pilot klar med puter og pledd for eit par timers søvn på SuperSpeed.*



Vegen gjennom Danmark til Tyskland gjekk fort og jo lenger me kom nedover Tyskland, jo meir skjønte me at me var langt vekk frå Norges kalde haust. Når gradestokken bikka 20 grader var det på tide å kle av stakkars Nilsemann vinterjakken...



Totalt brukte me 27 timar frå Luster i Sogn og Fjordane, til Trier i Tyskland



Etter ei god natts søvn (i vannseng, med mastiff!!) var det på tide å la Nils og Edda få møta kvarandre. Ettersom Edda var høgløpsk fann dei ganske fort tonen, og vart veldig gode venner.....





Tispa, Camastiff's Daniella Edda, er avla og født i Norge, og importert til Tyskland som kvalp. Edda er ei nydeleg tisper av sjeldan høg kvalitet for rasen i dag, og vant i fjor åpen klasse på Crufts.

I mellom parringane vart det tid for litt sightseeing, og oppdrettar og vert Sybilla var ein fantastisk guide. Lite visste me om Trier når me avtalte turen heime i Norge, men me skjønnte fort at me hadde fått Jackpot - byen bugna over av historie og kultur! Sybilla køyrte oss rundt frå den eine sjåverdigheten til den andre, og hadde stor glede og masse stoltheit i å visa fram den fantastiske tidlegare romersk-okkuperte byen.



Vin så langt  
auga kunne  
sjå



og smaks-  
prøvar vart  
sjølvst  
solgt rett  
frå garasjen  
på gata



Colosseum  
i Trier



Elva Mosel  
med Trier i  
bakgrunnen



Meg og Kåre etter  
nokre fantastiske  
dagar som turistar



På nest siste dag vart eg og Kåre invitert med Sybillas jaktlag på klappjakt for villsvin - ein stor opplevelse for to bortkomne nordmenn.



**Venstre:**  
Vår kjære vert;  
Sybilla.

**Høgre:**  
I driv etter  
villsvin i  
Tysklands  
skogar



Etter ei **fantastisk** veke i Trier med parringar, mykje kultur, mange nye venner og fantastiske minner måtte me til slutt venda nasen mot nord igjen (men kun for ein kort periode, for 6 dagar etter ankomst Norge var eg, Nilsemann og Kåre atter ein gong på veg tilbake til vår nye favoritt-by for nye minner, men det er ein annan historie.....).

Den 14.november kom gladnyheten:

Nilsemann

+

Edda

=

